
Saksnr: 2020/42341-3
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Innbyggjarforslag om båtrute mellom Ågotnes og Bergen

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek saka til orientering og syner til at fylkesutvalet har bedt om ei ny utgreiing av båtsamband mellom Sotra og Bergen.

Samandrag

Fylkestinget v/fylkesordføraren har motteke eit innbyggjarforslag om å oppretta snøggbåtrute mellom Ågotnes og Bergen sentrum frå Mathilde Sæle, Ågotnes. Vedlagt forslaget er ei underskriftsliste med 1923 namn. Fylkesutvalet handsama sak om snøggbåtsamband mellom Sotra og Bergen i møte den 30. april 2020. I vedtaket ba fylkesutvalet om å få ei ny utgreiing av eit slikt samband med andre rutealternativ enn det som var utgreidd i saka. Fylkesrådmannen rår til at ein ikkje tek stilling til innbyggjarforslaget no, men avventar den nye utgreiinga av moglege samband.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I brev til fylkestinget v/fylkesordføraren dagsett 13.02.2020, har Mathilde Sæle, Ågotnes, sendt inn eit innbyggjarforslag om å få oppretta snøggbåtrute mellom Ågotnes og Bergen sentrum. Forslaget er støtta av 1923 underskrifter. I brevet heiter det m.a.:

Mitt forslag er å opprette hurtigbåtforbindelse mellom Ågotnes (Øygarden Kommune) og Bergen sentrum (Bergen Kommune) ved oppstart så snart som mulig.

Jeg har nå samlet inn over 1900 underskrifter der alle innbyggerne som har signert støtter dette forslaget. Vi ønsker at en båtforbindelse opprettes så snart som mulig og at fylkeskommunen sammen med Øygarden kommune legger til rette for parkering der båtforbindelsen opprettes.

Kommunelova pålegg fylkeskommunane v/fylkestinget å ta stilling til innbyggjarforslag når visse kriteria er oppfylte. I denne saka er kriteria oppfylte. I kommunelova §12-1 heiter det m.a.:

Innbyggerne i kommunen eller fylkeskommunen kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunenes virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget hvis minst to prosent av innbyggerne står bak det. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til om det aktuelle forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

Fylkestinget har avgjerdsmynde, jfr lov om kommuner og fylkeskommuner §12-1

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant på kort sikt, men vil få økonomiske følgjer viss tiltaket vert sett i verk.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Pågåande politisk prosess kring spørsmålet om å setja i verk snøggbåtrute mellom Sotra og Bergen

Det har i lengre tid vore ein politisk prosess rundt spørsmålet om å setja i verk snøggbåtrute mellom Sotra og Bergen. I 2018 utarbeida Skyss rapporten: «Båtforbindelse mellom Nye Øygarden og Bergen». Denne vart lagt fram som melding til utvalet for Miljø og samferdsel i april 2019, og utvalet vedtok at rapporten skulle sendast på høyring til involverte kommunar og relevant næringsliv før ein tok stilling til den.

På møte i fylkesutvalet 30. april 2020 vart saka; «Utgreiing - båtsamband Bergen-Sotra» lagt fram. I denne var det ein gjennomgang av høyringsuttalane.

I den nemnde utgreiinga var ei rekkje alternative kaiplasseringar i Øygarden kommune vurderte. Etter ein silingsprosess stod ein att med to moglege alternativ som ein gjorde ei grundig vurdering av, Ågotnes og Brattholmen.

Ågotnes vil reint trafikalt kunna egna seg som anløpsstad i Øygarden med sine tilrettelagte kaiareal og parkeringsplassar, samt gode seglingstilhøve og kort seglingstid. Analysen av passasjergrunnlag og økonomi i prosjektet syner likevel at ei snøggbåtrute med timesavgong kun i marginal grad vil redusera biltrafikken over Sotrabrua. I tillegg vil kostnaden for å drifta tilbodet vera uforholdsmessig høg i forhold til det forventa passasjertalet.

Brattholmen ligg på sida av det som innbyggjarforslaget ynskjer, og vil såleis truleg ikkje vera eit alternativ for reisande frå nordre delar av Store Sotra og gamle Øygarden kommune. Det vart uansett ikkje tilrådd å gå vidare med denne lokasjonen på grunn av at det vil vera ein omveg med omstiging for reisande som kjem frå dei tyngste bu- og arbeidsplassområda i Øygarden kommune.

Konklusjon

Fylkesrådmannen syner til at spørsmålet om å etablere snøggbåtrute mellom Øygarden kommune og Bergen har vore eit tema i lang tid. Ei rekkje forhold, der økonomien i prosjektet er vesentleg, har ført til at fylkesrådmannen ikkje har rådt til å starta opp ei slik rute.

Då fylkesutvalet handsama saka «Utgreiing - båtsamband Bergen-Sotra» på møte 30. april 2020, vart det gjort vedtak om at ein ynskjer ei ny utgreiing med utgangspunkt i kailokasjon på Ågotnes, Straume Sjøfront og Skaganeset. Skyss/Kringom planlegg å starta opp/halda fram arbeidet med ny utgreiing av mogeleg båtsamband Sotra-Bergen hausten 2020, med mål om å leggja fram ny politisk sak våren 2021. Utgreiinga vil byggja vidare på tidlegare utgreiing, og omfatte dei tre nemnde kailalternativa. Tidlegare utgreiing la til grunn eit tidsperspektiv fram mot nytt Sotrasamband. I det komande arbeidet vil perspektivet vere eit meir varig tilbod.

Målsettinga med utgreiinga er å vurdere potensiale for og konsekvensar av eit slik båtsamband. Båttilbodet vil bli vurdert ut frå eit samla kollektivtilbod, mellom anna eventuelle behov for matetrafikk eller justeringar i busstilbodet. Ein vil og vurdere moglegheit for elektrifisering av båtsambandet, og kva konsekvensar dette gjev med omsyn til mellom anna frekvens og behov for ladetid, kapasitet, reisetid og CO2-utslepp. Vidare må det gjerast greie for behov for tilrettelegging av infrastruktur, som kaiforhold, ladeinfrastruktur, tilkomst matebuss, innfartsparkering. Det vert lagt opp til tett samarbeid med Øygarden kommune gjennom arbeidet.

Før fylkesutvalet har teke stilling til den nye utgreiinga, finn fylkesrådmannen at det ikkje føreligg nok faktagrunnlag for å ta stilling til innbyggjarforslaget. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkestinget tek saka til orientering.